



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 16.06.2022 kl. 17:15  
**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Terje Mork	Medlem
Ole Kistrup Vilnes	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

---

### Forfall:

Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Karen Anny Espedal	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2022/22		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2022/23		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 26.04.2022	RUNE ZIENER
SR 2022/24		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
FR 2022/25		Rehabilitering av Holmedal kyrkje - val av tilbydar	RUNE ZIENER
SR 2022/26		Offerliste 27.06-02.10.2022	RUNE ZIENER
FR 2022/27		Løyving av midlar til ungdom frå Askvoll si deltaking på ungdomsleiarkonferansen «VEGKRYSS22»	RUNE ZIENER
SR 2022/28		Møteplan for soknerådet	RUNE ZIENER

Askvoll, 16.06.2022

Rune Ziener  
referent

---

## SR 2022/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen, med tilleggssaka lagt fram i møtet.

---

## SR 2022/23 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 26.04.2022

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 26.04.2022.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 26.04.2022.

---

## SR 2022/24 Skriv, meldingar og drøftingar

### UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 2022/16	VESTLAND REVISJON: Revisjonsmelding frå uavhengig revisor (27.05.2022)
M 2022/17	Bjergvin bispedømmeråd: Bispeskifte i Bjergvin - prosess og namneforslag (28.04.2022)
M 2022/18	Kvammen kyrkjelydsutval: Møtereferat 05.05.2022
M 2022/19	Trusopplæringsutvalet: Møtereferat 18.05.2022
M 2022/20	Askvoll kyrkjelydsutval: Møtereferat 13.06.2022

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

---

## FR 2022/25 Rehabilitering av Holmedal kyrkje - val av tilbydar

### UTGREIING

Sakspapir vart lagt fram i møtet.

Det er orientert soknerådet om at tilbodskonkurransen for rehabilitering var mislukka, då det ikkje kom inn tilbod innan fristen.

SWECO har laga eit oppfølgingsnotat i etterkant, der dei skriv:

*Sweco har utført ein offentleg konkurranse på Doffin, men dessverre blei denne mislykka pga av at vi ikkje fekk inn tilbod.*

*Om vi ikkje endra premissane for konkuransen har vi moglegheit til å gå ut til bedrifter å spør om dei er interessert i å bli med på eit tilbod.*

Dei har følgjande tilråding til vidare framdrift:

*Vårt forslag er å høyre med 3-4 bedrifter om dei ønsker å vere med på dette.*

*Framdriftsplan:*

*Ringje rundt å høyre om interesse fram til 22,06,22 -> Utsending av anbod*

*Frist for innlevering av tilbod midten av august.*

*Mogleg oppstart månadsskifte august / september.*

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd ønskjer at rehabiliteringsarbeidet på Holmedal kyrkje kjem i gang snarast mogleg.
2. SWECO arbeider vidare med å innhente tilbod etter mislukka tilbodskonkurranse i samsvar med føreslegen plan.
3. Ein tek sikte på val av tilbod i møte i Askvoll sokneråd torsdag 18. august.

### MØTEHANDSAMING

Følgjande tilleggsforslag om nytt punkt 4 vart sett fram i møtet:

Ein ber om at arbeidet også vert lyst ut lokalt, og at kyrkjeverja tek med det soknerådet har diskutert til SWECO.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd ønskjer at rehabiliteringsarbeidet på Holmedal kyrkje kjem i gang snarast mogleg.
2. SWECO arbeider vidare med å innhente tilbod etter mislukka tilbodskonkurranse i samsvar med føreslegen plan.
3. Ein tek sikte på val av tilbod i møte i Askvoll sokneråd torsdag 18. august.
4. Ein ber om at arbeidet også vert lyst ut lokalt, og at kyrkjeverja tek med det soknerådet har diskutert til SWECO.

## SR 2022/26 Offerliste 27.06-02.10.2022

### UTGREIING

Vedteke offerliste gjeld t.o.m. 26. juni 2022. Ein bør vedta offerliste for ei ny periode. Kyrkjelydsutvala har fått kort frist på innspel før vedtak i soknerådet, men vonleg vil forslag ligge føre til soknerådsmøtet frå alle. Gudstenestelista t.o.m. 02. oktober er fastsett.

Innkomne forslag før og i møtet er sett inn i oversikta nedanfor:

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Offerformål
Askvoll kyrkje	17.07.2022	15:00	Søndag	Kyrkjelydsarbeidet
Askvoll kyrkje	21.08.2022	17:00	Søndag	Skilbrei Ungdomssenter
Askvoll kyrkje	04.09.2022	11:00	Søndag	Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	18.09.2022	17:00	Søndag	Søndagsskuleforbundet (Bergen)
Askvoll kyrkje	02.10.2022	11:00	Søndag	Amnesty International
Bulandet kapell	17.07.2022	17:00	Søndag	Den Indre Sjømannsmisjon
Bulandet kapell	28.08.2022	10:30	Søndag	Kirkens Bymisjon Bergen
Bulandet kapell	11.09.2022	17:00	Søndag	Bulandet kapell
Holmedal kyrkje	03.07.2022	11:00	Søndag	Kirkens Nødhjelp
Holmedal kyrkje	29.07.2022	19:00	Fredag	Sjømannskirken - Norsk kirke i utlandet
Holmedal kyrkje	28.08.2022	15:00	Søndag	Kirkens Bymisjon Bergen
Holmedal kyrkje	18.09.2022	15:00	Søndag	Kyrkjelydsarbeid
Krossen i Korssund	31.07.2022	14:00	Søndag	(Askvoll ikkje arrangør)
Kvammen kapell	24.07.2022	19:00	Søndag	Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Kvammen kapell	21.08.2022	11:00	Søndag	Alværa Misjonssenter
Kvammen kapell	18.09.2022	11:00	Søndag	Trusopplæringa
Vilnes kyrkje	24.07.2022	15:00	Søndag	(Ikkje offer)
Vilnes kyrkje	14.08.2022	11:00	Søndag	Kirkens Bymisjon Bergen
Vilnes kyrkje	04.09.2022	13:30	Søndag	Trusopplæringa
Vilnes kyrkje	02.10.2022	18:00	Søndag	Kyrkjeblad for Askvoll

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 27.06-02.10.2022 som føreslege i vedlagte gudstenesteliste, samt dei forslaga som kom inn i møtet.

### MØTEHANDSAMING

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek offerliste for 27.06-02.10.2022 som føreslege i vedlagte gudstenesteliste, samt dei forslaga som kom inn i møtet.

---

## **FR 2022/27 Løyving av midlar til ungdom frå Askvoll si deltaking på ungdomsleiarkonferansen «VEGKRYSS22»**

### **UTGREIING**

Det vert vist til vedlagde skriv frå soknepresten, med spørsmål om soknerådet vil prioritere å bruke pengar på at ungdom (frå 10. klasse og oppover) i Askvoll kan delta på ungdomsleiarkonferansen «VEGKRYSS22», som går føre seg i Bergen i august.

I Bjørgvin bispedømme er ungdom eit satsingsområde, og for kyrkjelydane i Askvoll vil eit auka engasjement for kyrkjelydsarbeid hos ungdommen vere eit kjærkoment tilskot for kyrkjelyden totalt sett.

Ein må merke seg at kyrkjelyden sitt tilbod til ungdom i aldersgruppa etter konfirmasjonsalder er svært begrensa, og at deltaking på denne konferansen kan medverke til auka rekruttering for framtida, både når det gjeld frivillig ungdomsarbeid og vonleg framtidig rekruttering til kyrkjelege stillingar.

Soknepresten estimerer ein kostnad for soknet på kr 14.000,- om alle ungdommar som har meldt interesse vert med på denne konferansen, men at endeleg deltakartal, og dermed totalkostnad, truleg vert noko mindre.

#### *Vurdering:*

Askvoll sokneråd bør prioritere å vere med på satsinga på ungdom, og legge til rette for at lokal ungdom i Askvoll kan vere med på denne ungdomsleiarkonferansen.

Det er bedt om ei dekking på kr 1000,- pr. deltakar frå soknet, noko som dekker program, snacks, mat og to overnattingar.

#### *Finansiering:*

Soknet har ein del fondsmidlar til kyrkjelydsarbeid som evt. kan nyttast til formålet. På bunde fond til kyrkjelydsarbeid står det pr. 01. januar 2022 kr 103.238,- (men etter budsjettjustering i 2022, er det sett av inntil kr 15.000,- av desse fondsmidlane til å finansiere bispevisitasen 2022). Såleis står ein att med bundne fondsmidlar til kyrkjelydsarbeid pr. i dag på kr 88.238,-, og bruk av inntil kr 14.000,- av fondsmidlane til ungdomsformål i 2022 vil ikkje vere nokon økonomisk utfordring.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd er svært positiv til å legge til rette for at lokal ungdom kan delta på ungdomsleiarkonferansen «VEGKRYSS22», og stiller med tilskotsmidlar til dette.
2. Ein nyttar inntil kr 14.000,- til dette, finansiert med bundne fondsmidlar til kyrkjelydsarbeid.
3. Kyrkjeverja innarbeider dette i budsjettet for 2022.

### **MØTEHANDSAMING**

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd er svært positiv til å legge til rette for at lokal ungdom kan delta på ungdomsleiarkonferansen «VEGKRYSS22», og stiller med tilskotsmidlar til dette.
2. Ein nyttar inntil kr 14.000,- til dette, finansiert med bundne fondsmidlar til kyrkjelydsarbeid.
3. Kyrkjeverja innarbeider dette i budsjettet for 2022.

---

## SR 2022/28 Møteplan for soknerådet

### UTGREIING

For å sikre forutsigbarheit i soknerådsarbeidet bør ein ha ein møteplan. Møteplanen må settast opp med utgangspunkt i faste fristar og ting ein veit vil komme, og gjerne også få utarbeidd eit årshjul for verksemda som møteplanen er bygd opp omkring.

2023 er valår, og erfaringsmessig er det behov for hyppige møte for å følgje datoplan knytt til gjennomføringa av valet. Datoplan for kyrkjevalet 2023 er enno ikkje kunngjort, så ein må vurdere å revidere møteplanen når denne vert kunngjort, truleg ein gong i løpet av hausten.

Forslag til møteplan:

#### 2. halvår 2022

##### Augustmøte (forslag torsdag 18. august):

Holmedalprosjektet, val av tilbod (frist snarast).

Mogleg drøfting om forslag av bispekandidatar (forslagsfrist 1. september)

##### Septembermøte (forslag tysdag 20. september):

Budsjettforslag 2023 og økonomiplan 2024-2026 (frist om lag første veka i oktober)

Vedtak av offerliste (frist seinast 2. oktober).

##### Novembermøte (forslag tysdag 1. november):

Ingen kjente saker pr. i dag

##### Desembermøte (forslag tysdag 13. desember):

Rådgevinge avstemming for utnemning av ny biskop (frist **5. januar** – kandidatar vert presenterte 8.-9. desember)

#### 1. halvår 2023

##### Januarmøte (forslag tysdag 16. januar):

Budsjettvedtak 2023 (frist **innan årets begynnelse eller 1 mnd. etter kommunen sitt budsjettvedtak er kjent**)

##### Februarmøte (forslag tysdag 14. februar):

Saker knytt til kyrkjevalet 23, mellom anna oppnemning av nominasjonskomité (frist enno ikkje kunngjort, men var 1. mars ved sist val)

##### Marsmøte (forslag tysdag 14. mars):

Vedtak av årsrekneskap og årsmelding 2022 (frist **20. mars**)

##### Aprilmøte (forslag tysdag 18. april):

Godkjenne vallister (frist ikkje kunngjort enno, men var 6. mai ved sist val)

##### Maimøte (forslag tysdag 22. mai):

Ingen kjente saker pr. i dag

Junimøte (forslag tysdag 13. juni):

Planlegge tid og stad for mottak førehandsstemmer, samt peike ut stemmemottakarar til dette (i løpet av juni/juli)

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner den føreslegne møteplanen.
2. Leiar i soknerådet har fullmakt til å gjere nødvendige justeringar i planen.

## **MØTEHANDSAMING**

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner den føreslegne møteplanen.
2. Leiar i soknerådet har fullmakt til å gjere nødvendige justeringar i planen.